Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hamre

Emne: Bålbrenning på visse dagar i året

Bygdelag: Liknesbygda (Dalebygda)

Oppskr. av: Sverre Kvamme

Gard: Mundal

(adresse): Liknestangen

G.nr. 10 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): }

SVAR

1. Vi seier: Jonsok-kall,
Syftsok-kjerring
Olsok-kall
Vi kjenner også ordet: såta, men det daglege ordet er kall – og for syftsok kjerring

2. Desse namna vert berre brukt om bål på nemnde dagar. Eit bål ved stranda, eller på haugen ein festleg kveld vert berre kalla bål. Men på jonsok aftan, syftesok og olsok kall-kjerring-kall. Ein dunge avfallsved l.d. på leite eller dyrkingsfelt vert kalla eld. Døme: Dei sette eld på dungen.

3. Vi brukar adjektivet – lite-stort.

4. Ukjend

5. – " –

6. – " –

7. – " –

14662

8. Dei brende og brenner.
   1. Jonsok-aftan
   2. Syftesok
   3. Olsok-aftan.

Eg har aldri spurt at dei hadde bål pinseaftan.
Jonsok-kallen er ålment, og også største bålet.
Syftesok-kjerringa vert meir og meir sjeldan.
Olsok-kallen synes å ha ein svak ~~...~~ auke.

9. Ukjend her.

10. — " —

11. Jonsok-kallen vart aldri brend for krøtera. Det var helst born og ungdom som samlast kring Jonsok-kallen, som alltid vart og vert brend om kvelden.

12. Midnattsbrenning har alltid hatt ei viss draging på folk, men oftast vart og vert bålet brend kl. 22$^{30}$ - 23$^{00}$
Dette galdt og gjeld hovud-bålet. Borna og ungdomen byrja ofte tidleg på kveld å brenna <u>narrebål</u>. Dessi narrebåla skulle lokka ~~andre~~ folk i andre bygder til å tenkja i sine bål noko tidleg. Narrebåla vert her kalla narre-kall.

13. Nei

14662

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14. Jonsok-kallen, syftesok-kjerringa, Olsok-kallen vart og vert oftast brend på same staden. Dette var og er alltid på högder med godt utsyn. Helst bör haugen, ~~som~~ rinden, fjellet liggja slik til at heimegrenda ser bålet frå tuna. Brennefanget er oftast einer. Når eineren minkar, flytter ein bålet til ein annan stad. Til ymse tider kjem ein så attende til same stadene. Garden Mundal har desse stader for Jonsok-kallen:

1. Stölarinden (mest bruka)
2. Sale-steinen
3. Dala-fjellet (saman med andre)

Leiknes-garden har:

1. Stornesset
2. Storhaugen
3. Dala-fjellet

15. Som regel
16. Som regel
17. Ukjend.

18 Fritt tilgjenge for alle, – og alle er velkomne. Men det er born og ungdom som er i fleirtal.

19. Ja.

20 Mest born, men og ungdom, også mange foreldre.

21. Til visse tider har lag skipa til festleg samvær kring Jonsok-kallen. Men det er ikkje ålmen regel. Ukjend start. 1890?

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
14662

4

22. Ukjend

23. Bålet vart og vert bygt slik:
a Det må vera ein flat bakke eller berg-rygg – minste storleik 4-5 m diameter – eller i kant.
b. Eit lauvtre – 6-8 m högt vert reist loddrett i veret midt på eldstaden. Treet vert kvista – men får ha ein dusk i toppen.
c. Kring stonga vert lagt einer eller riskvister i ein sirkel med diameter ca 3 m – 4 m. Det vert lag på lag med slikt brenne. 3-4 gutar byggjer, andre er handlangarar. Kallen vert sylinder-skapa med ei högd på 3-4 m etter som det er byggjetilfang. Byggjarane trakkar kallen godt saman.



Ein Jonsok-kall av einerbusker

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14662

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5

24. Jonsok-kall emne var og er:
1. Einerbuskar som born og ungdom riv og drag saman frå ca 1. juni, — Kvelds arbeid 2-3 dagar for jonsok vert kallen bygd. Det er stor stas den kvelden „ dei skal byggja".
2. Lauder og då kan ein få tak i ein båt — eller ei tjøretunne, — sers sjeldan. Det ålmenne vyrket er einer.
3. Visse treslag, — ukjend

25. Heilt ukjend

26. Nei

27. Dei som kunne vera med på ~~riv~~ einerivinga burde vera med. Men ingen regel eller tvang i så måte. „Å vera på Jonsok-kallen" var og er reine festkveldar for born og ungdom. — Det vert leika songleikar.

28. Nei, absolut nei.

29. Nei

30. Nei

31. Jonsok-bålet burde vera så stort som mogeleg.
Syftesok-kjerringa kunne vera lita
Olsok-kallen var helst liten.
Skapet var sylinder

14662
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6

32. Det var alltid ein stille kappestrid mellom grendene om å ha den største kallen.

33. Ja - det måtte flamma högt og klårt. Difor måtte einiren vera turr. Rå einer gjev berre ei mengd sur röyk.

34. Jonsok-kallen måtte ikkje ryka mykje.
Röykbål var lette å laga av små mengder rå einer. Medan ein venta ~~at~~ på at rette brennetida skulle koma, moroa ein seg med å laga röykbål.

35. Ingen regel om dette.

36. Ukjend

37. — " —

38 — " —

39 — " —

40. Noko sers namn på sjölve brenninga - og leiken ved jonsok-kallen har eg ikkje höyrt. Det vart sagt: Dei hadde jonsok-~~afton~~ kall på Sole, Stölsaunden. Dei hadde jonsok-afton på Dolefjellet. I det låg det at det var bålbrenning, leik og anna moro på desse stoder. Jonsok-leik har eg höyrt, men eg trur dette er eit nytt ord i bygda.

41. Ukjend

42. Nei

43. Alkohol vart vel helst lite brukt. Koffi, brus, koker og anna var vanleg.

14662

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

44. Ingen dans kring bålet, men på narosk flate, – men så nær bålet som mogeleg. Ein laut byggja kallen på slike stader at det også var likeplass Dans vart halde i stovurlöer eller bålbrenninga – når dans skulle haldast.

45. Ingen regel, – men kåte gutar kunne spretta over.

46. Ja, borna og dei yngste ungdomane lika dette godt.

47. Ukjend

48. ——

49. Ingen sers meining om at brenninga skal tyda noko. Det er festkveld.

50. Skikken har halde seg – og syner teikn på auking

51. Folk likar å „kopla av" og tykkjer godt om eit festleg samvær ute ein fager sumarkveld.

14662

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING